

# Kosevarme som kostar

*Vedomnar skal atter hjelpe til med å halde varmen oppe og straum-rekninga nede. Og ein ny vedomn er ikkje billeg, det er sjeldan veden heller. Men kosen vil vi ha – og lågare straumrekning for einkvar pris.*

tekst JARLE OPPEDAL foto SCANPIX



**MANGE MEINER** at ingenting gjev så god varme som ein vedomn. Det er i alle fall koseleg å sjå den åpne flammen bak omnglasaset når verda rimar ned utanfor.

Sjølv om vedomnane vert meir og meir effektive, får framleis kråkene sitt. Fra 20 til 30 prosent av energien forsvinn ut pipa etter at du har lagt i veden.

## Varmar godt

Effektiviteten i dei omnane vi har testa, skil dei ikkje så mykje frå kvarandre. Men den beste er stort sett best same kor hardt du fyrer. Og den minst effektive yter også stabilt, uansett om du fyrer hardt eller svakt.

Best ut kjem Contura 550. Den gjev 81 prosent effektivitet på full fyr og 79 prosent om du berre legg i litt ved om gongen.

I andre enden av skalaen finn

vi Jøtul F400 som gjev høvesvis 69 prosent og 66 prosent.

Mellom desse finn vi Handøl Silvia som nest mest effektiv, Scan Basic 4 og Jøtul F250 deretter.

## Ingen vinnar

I denne testen har vi likevel valt ikkje å utrope ein vinnar. Skal ein kjøpe vedomn, er det mange omsyn å ta. Til dømes varmer både Handøl og Jøtul F400 mykje meir enn dei andre omnane. Desse to kan du få til å yte om lag åtte kilowatt. Det held til ei temmeleg stor stove. Men så går det også meir ved.

Contura, som har best verknadsgrad, har ein effekt på drøye fem kW. Dei andre ligg på omlag seks kW.

Jøtul F400 kan på si side ta vedskiver opp til ein halv meter.

Dei andre seier stopp rundt 30 cm.

Same korleis du fyrer, brukar Scan og Contura minst ved.

Difor vert det viktig å vurdere nøye kva ein vil med omnen, kor mykje pengar ein vil leggje i det og korleis utsjånaden skal vere.

## Utslepp

Mange kjøper vedomn for å supplere oppvarminga på kalde dagar. Eller for å spare straum. I begge tilfelle må ein ha ved. Og får du ikkje ved gratis, kan denne oppvarminga lett bli dyr. Dyrare enn straum og olje.

Då kan det lett bli freistande ikkje å fyre for hardt. Sjølv om vedomnane i dag både er miljøvenlege og kontrollert for utslepp, er det forskjell alt etter korleis du fyrer.

Det beste er å fyre med høg

effekt. Då er utsleppa lågare enn om du held att på vedbrukaen. Alle omnane, unnateke Contura, slepp ut meir organisk gass ved lav effekt enn ved høg effekt. Contura slepp også ut mest gass ved full fyring. Nesten tre gonger så mykje som Scan Basic.

Scan Basic slepp ifølgje laboratoriet ut svært lite på full fyring. Den slepp også ut minst ved forsiktigare fyring.

Skal du først legge i lite ved, er Jøtul F400 den som slepp ut mest, dobbelt så mykje som nokon av dei andre fire omnane.

Det er viktig at vedomnen ikkje sotar særlig. Mykje sot i pipa kan føre til pipebrann. Det er derfor eit godt råd å fyre med full trekk og halde seg til ved av høg kvalitet. Ikkje brenn rusk og søppel i vedomnen. ♦

Vi testar vedomnar

Modell	Pris*	Verknadsgrad (%) toppeffekt	Utslepp** toppeffekt	Verknadsgrad deleffekt****	Røykgas-temp. topp-/del-effekt	Utslepp deleffekt	Vedforbruk ved toppeffekt		Vedforbruk ved deleffekt	
							Effekt (kW)	Forbruk (kg/time)	Effekt (kW)	Forbruk (kg/time)
Contura 550	13 900	81	193	79	254/256	179	5,1	1,47	4	1,17
Handöl Silvia	21 400**	76	146	80	302/206	192	7,9	2,31	3,6	1
Scan basic 4	9 950	75	70 (lavt!)	78	282/194	164	6,2	1,86	3	0,86
Jøtul F250	9 490**	72	101	74	345/278	183	6	2	4	1,23
Jøtul F400	10 790**	69	125	66	320/238	371 (høyt!)	7,9	2,57	3,6	1,21

Forbruker-rapportens produkttestar finn du på [www.forbrukerportalen.no](http://www.forbrukerportalen.no)

\*Prisane er innhenta hjå Bo Bedre AS, Asker i slutten av september 2003 \*\*Prisen byrjar på dette nivået og kan bli høgare avhengig av utstyr

\*\*\* Utslepp målt i milligram per kubikkmeter av organisk gass (OGC) \*\*\*\* Utrekna av SP (Sveriges Provnings- og Forskningsinstitutt)

Toppeffekt er når ein fyrer så hardt som omnen kan tåle ifølgje produsenten. Deleffekt er når ein ikkje fyrer for fullt.

Bileta er tekne i utstillinga til Bo Bedre AS, Asker.



**Contura 550:**  
Pris 13 900 kroner. Produsert av Nibe AB i Sverige.

Ein stilig, middels høg og slank omn frå Sverige. Den har store glassflater som gjev godt innsyn til flammene. Omnen er lagd i jern, glas og kleberstein eller keramikk. Innsida er kledd i vermiculite og støypejern. Omnen tek vedskier opp til 33 centimeter.

Omnen framstår som den mest varmeeffektive. Utsleppa er høge ved hard fyring og middels ved svak fyring. Omnen gjev omlag fem kW, minst av dei testa omnane.



**Handöl Silvia:**  
Pris fra 21 400 kroner. Produsert av Nibe AB i Sverige .

Åttekanta omn i keramikk med støypejern og teglstein i brennkammer. Omnen framstår elegant som ein halv-høg moderne kakkelomn. Stor glasluke gjev godt innsyn til flammene.

Dette er den dyraste omnen i tes-

ten, og den nest mest effektive. Varmer mest av omnane i testen, åtte kW og utsleppa er gjennomsnittlege. Kan ta vedskier opp til 35 centimeter.



**Scan Basic 4:**  
Pris 9950 kroner. Produsert av Krog Iversen & Co AS i Danmark. Nok ein slank og middels høg omn i stål og anten keramikk eller kleberstein. Innvendig er omnen kledd med vermiculite og den er enkel å halde rein.

Dette er ein av dei billegaste omnane i testen. Den har god verknadsgrad både på høg og låg fyring. Ingen andre omnar slepp ut så lite organisk gass som denne. Middels varm.



**Jøtul F250:**  
Pris 9490 kroner. Produsert av Jøtul AS i Norge. Moderne utsjåande omn i metall og glas. Omnen har runde former og er ikkje særleg høg. Brennkammeret er

av støypejern og kledd med vermiculite. Kan ta vedskier opp til 33 centimeter.

Dette er den billegaste av omnane i testen. Den har jamnare, men litt dårlegare verkegrad enn dei utanlandske omnane. Jøtul seier sjølve at dette skuldast at omnen er tenkt montert med eit langt og synleg røykrør mellom omnen og pipa. I testen er det imidlertid brukt kort røykrør, noko som svekker verknadsgraden for begge Jøtul-omnane.

Utsleppa fra denne omnen er lågare enn gjennomsnittet.



**Jøtul F400:**  
Pris 10 790 kroner. Produsert av Jøtul AS i Norge. Omnen ser gamal ut, men er ein moderne omn i støypejern med store glassflater og sprosser. Kan ta vedskier opp til 50 centimeter.

Denne omnen gjev svært høg effekt ved full fyring, men har minst verknadsgrad av dei testa omnane. Jøtul har ei innvending mot dette (sjå omtale av Jøtul F250). Verknadsgraden er likevel ikkje mykje mindre enn hjå dei andre. Utsleppa er imidlertid dei høgste i testen, og svært mykje høgare enn dei andre sine utslepp. ♦

## test fakta



### PRODUKT

Vi har fått testa til saman fem lukka vedomnar. Omnane er testa samanliknande, men ikkje rangert. Omnane er godkjende for og finst i sal i Noreg.



### SAMARBEID

Testane er utført hjå Sveriges Provnings- og Forskningsinstitutt i Sverige på oppdrag frå Det svenske Konsumentverket og Forbruker-rapporten.



### GJENNOMFØRING

Testen er utført seinsom-maren 2003 på eitt enkelt-emplar av kvar modelltype.



### KVA ER TESTA

I testen er det undersøkt ei rekkje faktorar. Testen er gjort i samsvar med internasjonale standardar og den nasjonale godkjeningsordninga i Sverige. Alle omnane i testen er godkjende etter godkjeningsordninga i Noreg.



### KARAKTERAR

I denne testen har vi ikkje delt ut karakterar til produkta. Dei er heller ikkje rangerte ut frå ei samla vurdering. Rekkjefølgja i tabellen byggjer på verknadsgraden ved full fyring. I tabellen er sett opp dei måleresultata som laboratoriet fekk under testen. Resultata blir mest meningsfulle om du samanliknar dei ymse omnane.



### LEVERANDØRAR

Jøtul: Jøtul ASA, tlf. 69 35 90 00  
Handöl, Contura: VARMEFAG AS, tlf. 69 32 15 31  
SCAN: Importeres direkte av distriktsforhandlere fra fabrikkene i Danmark, Krog-Iversen & co A/S, tlf. 00 45 64 47 31 31.  
Forhandlerliste for Norge finnes på [www.krog-iversen.dk](http://www.krog-iversen.dk).